

**Fra:** Line Dybedal <linedybedal@gmail.com>  
**Sendt:** 02.03.2023 14:09:40  
**Til:** Nadine Gutte-Preusse <Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no>  
**Emne:** Re: DKSSkonsert v/Line Dybedal "Til havet"

---

Så bra! Det passar kjempefint. Kjem vi oss ut med ferge samme dag eller bør vi overnatte på Fedje?

On Thu, Mar 2, 2023 at 1:40 PM Nadine Gutte-Preusse <[Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no](mailto:Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no)> wrote:

Hei,

vi har faktisk lyst å bruke ditt tilbud. Vi kunne tenkt oss konsert 2.mai på formiddagen. Hva tenker du?

Med vennleg helsing

Pleie og omsorg

**Nadine Gutte-Preusse**

Pleie og omsorgsleiar – Fedje kommune

Tlf 56 16 51 00 | Direkte 56 16 51 42 |

Internett [www.fedje.kommune.no](http://www.fedje.kommune.no)



*Me gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både innkomande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under handsaming bør sendast til [postmottak@fedje.kommune.no](mailto:postmottak@fedje.kommune.no), gjerne med kopi til mi e-postadresse.*

**Fra:** Line Dybedal <[linedybedal@gmail.com](mailto:linedybedal@gmail.com)>  
**Sendt:** tirsdag 21. februar 2023 19:05  
**Til:** Nadine Gutte-Preusse <[Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no](mailto:Nadine.Gutte-Preusse@fedje.kommune.no)>  
**Emne:** Re: DKSSkonsert v/Line Dybedal "Til havet"

Hei!

Har du fått sett noko på dette? :)

Sendt fra min iPhone

14. feb. 2023 kl. 11:49 skrev Line Dybedal <[linedybedal@gmail.com](mailto:linedybedal@gmail.com)>:

Viser til samtale ang potensiell DKSS-konsert.

Mathias Marstrander (gitarist) og eg, Line Dybedal, har samarbeida tett saman i fleire år, og ynskjer å halde konsert basert på tema og låtar frå det komande albumet mitt "Armeria Maritime" (som er latin og betyr strandnellik). Albumet handlar om havet, kysten og bygdene, der ingen skulle tru at nokon kunne bu. I tillegg vil vi vise bilete/film frå kysten på lerret. Vi ynskjer å halde ein 45 minutters konsert, og har alt av utstyr og lyd/lys sjølve.

Litt om meg og det nye albumet:

*Musikken til Dybedal er i sjanger pop/visepop/elektropop og tekstane om dei nære tinga og om naturen.*

*Dybedal sitt kommande album handlar i stor grad om havet, men også om bygda og folka ho er glad i.*

*I løpet av låtskrivingsperioden oppdaga Dybedal faktisk KOR viktig HAVET er for henne.*

*Ho er "vakse opp" i både store og små båtar, på kaia på heimstaden, som ein del av fiske og havbruk*

*eller i sjøen sommarstid iført våtdrakt og svømmeføter. Då Dybedal skulle ta utdanning etter ungdomsskulen*

*stod det mellom musikklinja og naturbruk der fiskaryrket var draumen.*

*På dette albumet har Line kombinert desse to lidenskapane; musikk og kjærleiken til havet.*

*Dybedal vil med denne plata snakke opp bygda og freden som kan finnast ute ved havet.*

*I desse dagar med fråflytting av bygdene og sentralisering av viktige funksjonar i samfunnet vil dette vere*

*ein del av dra-kampen og heiaropet til bygda. I motsetning til dei aller fleste andre artistar,*

*har Line flytta FRÅ byen for å drive med musikk.*

De kan finne musikken min på Spotify. Eg kan spesielt anbefale dykk å høyre låta "På ei øy" som eg tenkjer passar veldig godt ute hos dykk.

<ab6761610000e5ebaaed4e1b6c0d16dd59ec0788.jpeg>

[Line Dybedal  
open.spotify.com](https://open.spotify.com)

Satsane vi brukar er Creo sine; pris per konsert for to musikarar: ca 10.000,-

<https://creokultur.no/lonn-og-arbeidsvilkar/frilanssatser/>

Vi må også ha dekkja noko reise og losji. Dette vert som eit «spleiselag» mellom fleire kommunar og noko vi kan verte einige om.

Dato (i fyrste omgang) som kan passe fint for oss er 1. og 2.mai. Det finnast også andre passande datoar i mai-juni og evt seinare på året.

Det hadde vore veldig kjekt å fått dette til. Vi var på Fedje før jul med ei familieforestilling på biblioteket. Vi vart raskt glade i Fedje! :)  
Høyrer frå deg :)